

KVA MÅ BYGGEMELDAST, OG KVA ER UNNATEKE?


Søknad sendes til:

Sogndal kommune
Postboks 153

6851 SOGNDAL

Tiltakshaver og det foretaket som har søkt og fått ansvarsrett, er ansvarleg for at arbeida blir utført i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) og vilkår gjeve i medhald av den, bl.a arealplanar (kommuneplan og reguleringsplan), byggeforbudet langs sjø og vassdrag i pbl § 1-8 og byggt teknisk forskrift. Vær særleg merksam på at dette òg gjeld tiltak som er unnateke frå byggesakhandsaming.

Må alt dette byggemeldes?



Tiltak	Søknad som skal gjennomførast av føretak med ansvarsrett pbl § 20-1	Søknad som kan gjennomførast av tiltakshavar pbl § 20-2 og SAK10 § 3-1	Unnateke pbl § 20-3 og SAK 10 § 4-1
Bustad (1)	X		
Tilbygg (2)	Tilbygg som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2	Tilbygg med samla bruksarealet eller utbygd areal er under 50 m ² , og avstand til nabogrense er i samsvar med pbl § 29-4. Tilbygget kan i tillegg være underbygd med kjeller. Inneheld tilbygget våtrom, er våtrommet søknadspliktig på vanleg måte, jf. SAK10 § 2-2.	
Garasje, bod o.l. (3)	Bygg som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 eller unnatak etter pbl § 20-3	Bygg på utbygd eigedom med samla bruksarealet eller utbygd areal under 70 m ² . Bygget kan førast opp i ein etasje + kjeller. Bygget kan ha loft dersom det har bruksareal på mindre enn 1/3 av underliggende etasje sitt bruksareal. Bygget kan ikkje nyttast til bustadføremål.	På utbygd eigedom dersom mønehøgda er under 3,0 m og gesimshøgda under 2,5 m. Bruksareal eller utbygd areal kan ikkje være over 15 m ² . Bygget kan ikkje nyttast til bustadføremål. Avstand til annan bygning minst 1,0 m og til nabogrense minst 4,0 m.
Levegg (5)	Levegg som kjem utanfor ramma for unnatak etter pbl § 20-3		Levegg med høgde som ikkje er over 1,8 m, lengde under 10 m og avstand til nabogrense minst 4,0 m.

KVA MÅ BYGGEMELDAST, OG KVA ER UNNATEKE?

Tiltak	Søknadspiktig pbl § 20-1	Søknadspiktig pbl § 20-2 og SAK10 § 3-1	Unnateke pbl § 20-3 og SAK10 § 4-1
Fasade- endring (6)	Fasadeendringa som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 eller unnatak etter pbl § 20-3	Mindre fasadeendring som kjem utanfor ramma for unnatak etter pbl § 20-3 og som etter kommunen sitt skjønn kan gjennomførast av tiltakshavar.	Fasadeendring som ikkje fører til at bygningen si eksteriørmessige karakter endrast, samt tilbakeføring av fasade til slik den opphavleg var utført.
Basseng/ dam (7)	Basseng/dam som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 og unnatak etter pbl § 20-3.	Mellombels > 2 mnd og < 2 år. Plassering av mindre basseng som ikkje krev prosjektering (prefabrikkerte).	Mellombels < 2 mnd. Permanent og djupn < 0,2 m. Andre mindre basseng etter kommunen sitt skjønn. Avstand til nabogrense minst 4,0 m.
Støttemur (8)	Støttemuren som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 og unnatak etter pbl § 20-3.	Mindre støttemur med høgd inntil 1,5 meter som kjem utanfor ramma for unnatak etter pbl § 20-3.	Støttemur med høgd inntil 1,5 m, og avstand frå nabogrense minst 4,0 m, eller høgd inntil 1,0 m og avstand til nabogrense minst 2,0 m. Må ikkje hindra sikten i frisiktsone mot veg.
Innhegning mot veg (9)	Innhegning som kjem utanfor ramma for unnatak etter pbl § 20-3		Gjerde med høgd inntil 0,5 m, eller innhegning som ikkje er tett med høgd inntil 1,5 m. Må ikkje hindra sikten i frisiktsone mot veg.
Gjerde mot nabo.	Dersom gjerdet kjem utanfor ramma for unnatak etter pbl § 20-3		Dersom gjerde ikkje bærer preg av å være ein levegg, og reguleringsvilkåra ikkje har spesielle vilkår vedr. gjerde.
Fylling (10)	Dersom fyllinga kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 og unnatak etter pbl § 20-3.	Mindre fylling som kjem utanfor ramma for unnatak etter pbl § 20-3 og som etter kommunen sitt skjønn kan gjennomførast av tiltakshavar.	Mindre fyllingar og dersom avvik frå opphavleg terreng er mindre enn 3,0 m i spreidd bebyggelse, og 1,5 m i tettbygd strøk. For rekke- og kjedehus o.l. i tett bebyggelse må avviket ikkje vere meir enn 0,5 m. Avstand frå fyllingsfoten til nabogrensa må være minst 2,0 m. Må ikkje hindra sikta i frisiktsone mot veg.
Intern veg og bil- oppstillings- plassar	Veg/biloppstillingsplass som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 og unnatak etter pbl § 20-3.	Mindre veg/biloppstillingsplass som kjem utanfor ramma for unnatak etter pbl § 20-3 og som etter kommunen sitt skjønn kan gjennomførast av tiltakshavar.	Intern veg på tomt og mindre biloppstillingsplassar for tomtens bruk som ikkje krev vesentleg terrenginngrep. Avstand til nabogrense minst 4,0 m.
Skilt, reklame- innretningar o.l. (11)	Skilt/reklameinnretning som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 og unnatak etter pbl § 20-3.	Skilt- og reklameinnretning som er mindre enn 6,5 m ² montert på vegg, eller med høgd inntil 3,5 m og breidde inntil 1,5 m montert frittstående på terreng. Omfattar ikkje plassering av slike skilt- og reklameinnretningar som kan utgjere fare for persontryggleik og ikkje når fleire skal monterast på same stad eller på same fasade.	Skilt- og reklameinnretning inntil 3,0 m ² montert flatt på vegg. Unnataket gjeld ikkje montering av fleire skilt- og reklameinnretningar på same fasade.
Antenne (12)	Antenne som kjem utanfor ramma for søknad etter pbl § 20-2 og unnatak etter pbl § 20-3.	Antenna med høgd inntil 5,0 m. Omfattar ikkje plassering av antennesystem som kan utgjere fare for persontryggleik eller når fleire antennesystem skal plasserast på same stad eller på same fasade.	Dersom antenne har mindre høgd enn 2,0 m. Parabolantennar må ha diameter mindre enn 1,2 m.